

# NorSahel



*Treungen, Noreg*

## Vedtekter

<b>Norsk namn</b>	Norsk Sahel Sjølvhjelp Organisasjon
<b>Namn engelsk</b>	Norwegian Sahel Self-help Organisation
<b>Namn fransk</b>	Norvège Sahel Organisation pour Self Help
<b>Grunnlagt</b>	2013

### § 1 Namn og logo

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit, uavhengig organisasjon som er registrert i Noreg. Han vart etablert i april 2013. NorSahels medlemmer består av menneske som er interesserte i å jobbe for berekraftig utviklingsarbeid i Mali, og som dedikerer seg til å bidra med ressursar til humanitære formål i Sahel.

Sahel (frå arabisk ساحل , Sahil, tyder kantline) utgjer det tørre beltet sør for Sahara-ørkenen. Ein kan òg referere til Sahel som indre delar av Vest-Afrika. Namnet symboliserer både foreininga sitt opphav og retning, samtidig som hovudstrategien understrekar med sjølv-hjelp. Logoen viser eit Afrika-kart med Sahel utheva.

### § 2 Foreningens formål

NorSahel vil arbeide for varig fred og berekraftig utvikling i Sahel. NorSahel ynskjer òg sterkt å fokusere på bærekraft i humanitære kriser.

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å forbetre levekåra til menneske som lever i Mali, spesielt til rurale område, med tydeleg fokus på born og kvinner. NorSahel vil spesielt fremje utdanning av afrikanske kvinner for å gje henne verktøy for å utvikle seg, ettersom kvinnene representerer eit stort utviklingspotensiale. NorSahel vil arbeide for å fremje fredsbygging og dialog i møte med alle delar av det maliske samfunnet.

Alle aktivitetane skal være tydeleg forankra i lokalt eigarskap. NorSahel har ei grunnleggjande tru på at utvikling skal opprettast og vedlikehaldas lokalt og nasjonalt i landet.

NorSahel arbeider for å oppnå måla ved å:

1. Halde seminar/ konferansar og skape møtepunkt i Noreg som set fokus på tema knytt opp til varig fred og utvikling i Mali.
2. Søkje hjelp frå etablerte offentlege tilskot, frå private føretak og organisasjonar og privatpersonar som støttar dei same måla.
3. Samarbeide med andre organisasjonar i Noreg og internasjonalt.

### **§ 3 Medlemskap**

Alle personar som er interesserte i å hjelpe til med å skape fred og utvikling i Sahel, spesielt for utsette grupper, vil bli ynskt velkomne som medlemmer. Medlemskap krev lojalitet til NorSahel sine vedtekter.

### **§ 4 Kontingent**

Kontingent blir fastsett av årsmøtet og blir betalt på førehand. Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har normalt ikkje røysterett.

### **§ 5 Godtgjersle**

Styremedlemene vil ikkje ta imot godtgjersle.

### **§ 6 Årsmøte**

Årsmøte heldast kvart år, og er det høgaste organet til foreininga. Styret kallar inn til årsmøte med minst ein månads varsel. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, skal vere styret i hende seinast to veker i førevegen. Sakspapira skal vere tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.

Det er berre dei røysteføre medlemene som kan fatte vedtak på årsmøtet, men styret kan invitere media og eventuelt andre gjester. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegivinga kan ikkje skje ved fullmakt.

### **§ 7 Leiing av årsmøtet**

Årsmøtet blir leia av vald dirigent. Dirigenten treng ikkje vere medlem av foreininga.

### **§ 8 Stemmegiving**

Med mindre anna er spesifisert, er ei avgjerd gyldig ved alminneleg fleirtal blant dei røysteføre. Blanke røster skal handsamast som ikkje avgitt.

### **§ 9 Styret**

NorSahel har eit styre på 5 medlemmer. Leiaren veljast ved særskilt val. Resten av styret konstituerer seg på første møtet etter årsmøtet.

Funksjonen til styret er 2 år. Eit medlem av styret kan attvelgast, men ingen kan vere medlem av styret i meir enn 6 år. Dersom eit styremedlem fråtrer i sin valperiode, skal eit nytt medlem veljast på neste årsmøte.

Styret består av styreleiar, nestleiar, informasjonssjef, kasserer og sekretær. Styrt har ansvar for å fylgje opp all organisatorisk aktivitet.

### **§ 10 Grupper / avdelingar**

NorSahel kan opprette lokale lag og/eller grupper. Styret avgjer skipinga av lokale lag /grupper, og korleis dei bør organiserast.

### **§ 11 Eigarskap**

Organisasjonen er non-Profit. Ingen i organisasjonen kan disponere midlar til eiga vinning eller ha rett til utbetaling av overskot. Godtgjersle blir berre betalt ut til definerte oppgåver for å fremme organisasjonen sine formål.

### **§ 12 Prokura (fullmakt)**

Daglig leiar/Programansvarleg har mynde til å opptre på vegne av foreininga i alt som høyrer til drifta.

### **§ 13 Oppløysing**

Dersom NorSahel blir vedtatt oppløyst, skal tilgjengelege middel gjevast til humanitære formål etter vedtak på årsmøtet. Vedtak om oppløysing krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.